

**Fra:** Rune Helland <[ruhe@fitjar.kommune.no](mailto:ruhe@fitjar.kommune.no)>

**Sendt:** tysdag 8. november 2022 11:20

**Til:** Harald Rydland <[hary@fitjar.kommune.no](mailto:hary@fitjar.kommune.no)>

**Emne:** Spørsmål til budsjett - etatsjef for oppvekst og kultur

Spørsmål til Etatsjef for oppvekst og kultur:

- Post 1.10100 Løn i faste stillingar under skule og oppvekstadministrasjon. Denne var 4 770 000 i budsjett 2021, 5 186 000 i budsjett 2022 ( detaljbudsjett 2021) for så å vere budsjettert til 6 052 000 i 2023 og 6 609 000/6 500 000/6 500 000 i perioden 24-26. Kva er årsaka til denne auken? Kva ligg i denne posten?

I budsjettet for 2022 ligg det inne 8,36 stillingar som forklaring på denne lønsmassen.

I budsjette for 2023 ligg det inne 9,26 stillingar. Auke skuldast

- 20 % ekstra helsestasjonen (flyktningar)
- 50 % ekstra psykolog
- 10 % ekstra programkoordinator (flyktningar)
- 10 % (ein tilsett redusert med 40 % - ein nyttilsett inn med 50 %)

Frå 2024 er det i plandokumentet lagt inn eit aktivt tiltak som forklarar den vidare utviklinga.

**aktive tiltak** – styrking 1 årsverk - laget rundt barnet

| 2023 | 2024      | 2025      | 2026      |
|------|-----------|-----------|-----------|
|      | 611 275,- | 611 275,- | 611 275,- |

- Post 1.104000 Overtid på Øvrebygda skule. Denne er budsjettert med kr 198 913 heile perioden, det er ikkje budsjettert med overtid på dei andre skulane, kvifor er denne med på Øvrebygda Skule? Kva ligg i tala?  
Her har ikkje utgiftene frå 2022 blitt nulla ut i budsjettprosessen. Her er det kr 198 913 til gode (Mindreforbruk) Det samla mindreforbruket blir kr 254 196 inklusive arbeidsgjevaravgift og pensjon. Mindreforbruket gjeld for kvart år i planperioden.
- Post 1.10200 sjukevikar på Rimbareid skule. Denne er budsjettert ein del høgare andelsmessig ( andel av kostnad løn) sett opp mot dei andre skulane med kr 766 673 er det noko årsak til dette? Dersom ein nyttar om lag same andelsfaktor som dei andre skulane ( 1,5-1,8% av lønskostnad) burde kostnad budsjettert på Rimbareid vore om lag 470 000. Dette er ein post som har vore mest uendra sidan 2012. Då var den på 820 000. Kvifor denne skilnaden har vore slik oppover kan skuldast tidlegare behov, forskjell barneskule – ungdomsskule i tal skuletimar, leseplikt og dermed vikarkostnader. Postane til vikar er for låge for alle skulane.
- Det er lagt inn flytting av 7 klassar heile perioden men det ser ikkje ut for å vere teke høgde i budsjettet for at det i 2025 vil bli ein ekstra klasse på Rimbareid då det i dette kullet er ein klasse i dag ( tal i skulebruksplan). Kva er kostnaden med denne klassedelinga inkludert følgjing av norm for lærartettleik?  
Det har blitt teke høgde for dette. Kostnaden ligg i aktivt tiltak i budsjettdokumentet. Dette er ein såpass liten inngripen i heilheita at det får ikkje økonomiske følgjer for lærarnorma.

**Aktive tiltak** - Overføring av 7. trinnet til Rimbareid skule

| 2023        | 2024       | 2025       | 2026       |
|-------------|------------|------------|------------|
| - 353 324,- | -847 973,- | -494 653,- | -353 324,- |

Kostnader til skuleskyss ligg også inne som eit aktivt tiltak i høve overføring av 7. trinnet.

| 2023     | 2024     | 2025     | 2026     |
|----------|----------|----------|----------|
| 47 500,- | 91 800,- | 60 800,- | 60 800,- |

- Les ein tala og klassetala i skulebruksplanen er det nedgang i klassetal både i 2024 og 2025 som gir ein mindre klasse i 2024 og to klassar mindre året etter, er innsparinga med dette innarbeida i planen? Om ikkje, kva summar er det snakk om?

[Justering av klassetal er lagt inn med følgjande summar](#)

055: 2100 Klassetal

|   |          |            |            |
|---|----------|------------|------------|
| 0 | -323 314 | -1 099 011 | -1 228 081 |
|---|----------|------------|------------|

- Dersom ein todeler Selevik skule: er det medrekna ekstra delingstimer for å kunna gje tilfredstillande undervisning eller er det lagt opp til at det skal vere same antal delingstimer som ved dagens deling? Tenkjer då særst på det yngste alderstrinnet der spriket mellom ein førsteklasing og ein tredjeklasing er svært stort.

[Her er det ikkje lagt inn ekstra delingstimar. Skulen har 5 delingstimar i tillegg til 6 timar til tidleg innsats.](#)

[Kommentarar frå John Karsten Raunholm med blå skrift](#)

Med vennleg helsing

Rune Helland